



Innst. 127 S

(2016–2017)

Innstilling til Stortinget fra utenriks- og forsvarskomiteen

Prop. 27 S (2016–2017)

Innstilling fra utenriks- og forsvarskomiteen om Endringer i statsbudsjettet 2016 under Forsvars- departementet

Til Stortinget

1. Sammendrag

1.1 Føremål og hovedoversikt

1.1.1 Føremål

I denne proposisjonen legg regjeringa fram forslag om endringar i løyvingar i forsvarsbudsjettet for 2016. Siktemålet er å skape best mogleg samsvar mellom løyvingane under dei einskilde kapittel og postar, og endringar i budsjettføresetnadene som har skjedd sidan forsvarsbudsjettet for 2016 blei vedtatt.

Regjeringa påpeikar at på grunn av den komplekse samansetjinga av kapitla, med svært variable storleikar, er omgrupperingsproposisjonen eit naudsynt verktøy for å legge til rette for god økonomistyring i forsvarssektoren. Tiltak for å møte endringar i føresetnadene som oppstår i gjennomføringsåret, er såleis handsama, samla og formaliserte på rett måte.

Omgrupperingsproposisjonen for 2016 tek føre seg naudsynte budsjettekniske endringar. I tillegg kjem forslag om meirinntekter for 2016 og tilleggs-løyvingar. Totalt utgjør omgrupperinga for 2016 ei auke i løyvinga til Forsvarsdepartementet på 328,389 mill. kroner. I tillegg foreslår regjeringa å auke ei bestillingsfullmakt samt å oppretta eit nytt prosjekt med ei investeringsfullmakt.

1.1.2 Tilleggs-løyvingar

DEN SÆRSKILTE KOMPENSASJONSORDNINGA FOR VETERANAR

Den særskilte kompensasjonsordninga for veteranar med psykiske belastningsskadar som følgje av deltaking i operasjonar utanlands blir forvalta av Statens pensjonskasse. I oppdatert prognose frå Statens pensjonskasse av 2. september 2016 går det fram at kompleksiteten og variasjonen i disse sakene er stor. Dette inneber at prognosearbeidet er usikkert. Statens pensjonskasse har lagt til grunn at mange saker vil bli ferdigstilt i løpet av hausten 2016. Det inneber at utbetalingane i 2016 vil bli høgare enn tidlegere forventa. Basert på oppdatert prognose frå Statens pensjonskasse er meirbehovet til den særskilte kompensasjonsordninga for veteranar med psykiske belastningsskadar på 12 mill. kroner i 2016.

Det er på denne bakgrunnen foreslått at forsvarsramma på kap. 1719 post 21, blir auka med 12 mill. kroner i 2016.

SIKRE MINIMUM MILITÆR LUFTOPERATIV DRIFT PÅ RYGGE ETTER AT RYGGE SIVILE LUFTHAMN AS AVVIKLAST

Rygge Sivile Lufthamn AS har kome fram til å avvike sin aktivitet på Rygge frå 1. november 2016, og har varsla at det da ikkje lenger er mogleg å levere naudsynte flyplasstenester til Forsvaret. Forsvaret må derfor etter nemnde dato ta vare på eigne militære, luftoperative minimumsbehov knytte til framtidig militær, luftoperativ aktivitet på Rygge. Nedlegginga av den sivile flyplassdrifta på Rygge inneber monalege meirutgifter for Forsvaret. For 2017 er dei årlege meirutgiftene på 40 mill. kroner foreslått lagt inn som ei auke av forsvarsramma. For at Forsvaret skal kunne ta vare på sine forpliktingar på Rygge etter

1. november 2016, må løyvinga til Luftforsvaret for 2016 aukast med 10 mill. kroner.

Det er på denne bakgrunnen foreslått at forsvarsramma på kap. 1733 post 1, blir auka med 10 mill. kroner i 2016.

OPERASJON TRITON

Noreg har sidan juni 2015 støtta Frontex sin grensekontrolloperasjon Triton med eit innleidd sivilt skip med ein operativ besetning bestående av personell frå politiet og Forsvaret. Justis- og beredskapsdepartementet er leiardepartement i saka. Nåverande løyving lauper fram til november 2016. Regjeringa har i sitt forslag til 2017-budsjett foreslått å forlengje bidraget i seks månader fram til medio mai 2017. Forsvaret sine meirutgifter knytte til forlenginga er rekna til 10,1 mill. kroner, kor meirutgifta i 2017 er foreslått tilleggsløyva med 7,600 mill. kroner i Prop. 1 S for 2017 frå Forsvarsdepartementet. Det står igjen inndekking av Forsvaret sine meirutgifter på 2,5 mill. kroner for den del av forlenginga som fell i 2016.

Det er på denne bakgrunnen foreslått at forsvarsramma på kap. 1792 post 1 blir auka med 2,500 mill. kroner i 2016.

1.1.3 Materiellprosjekter til godkjenning

VIDAREFØRING AV KAPASITETAR KNYTTE TIL MARITIME PATRULJERINGSFLY OG ETTERRETNING, OVERVAKING OG OPPKLARING

I Prop. 151 S (2015–2016) Kampkraft og bærekraft – Langtidsplan for forsvarssektoren blei Stortinget informert om eit framtidig investeringsprosjekt om anskaffing av nye maritime patruljefly i samband med utfasing av dei seks aldrande P-3 Orion og tre DA-20 Jet Falcon.

Noreg har sidan andre verdskrigen lagt stor vekt på å etablere nasjonal og alliert situasjonsforståing i nordområda. Sidan 1960-talet har Noreg prioritert denne kapasiteten høgt ved å satse på maritime patruljefly.

I dei siste tiåra har Noreg operert med fire avanserte patruljefly av typen P-3C for overvaking og antiubåtoperasjonar, og to patruljefly av typen P-3N med utstyr til overflateovervaking for kystvaktoppdrag. P-3N har også blitt nytta til oppøving av besetningar. Flya har også viktige sivile oppgåver som til dømes søk og redning. I tillegg har Noreg operert tre DA-20 Jet Falcon til elektroniske operasjonar. Operativ og teknologisk levetid til alle dei noverande flya med sensorar og våpensystem nærmar seg slutten. Vidareføring av kapasitetane for overvaking og antiubåtoperasjonar er viktige både nasjonalt, og for NATO og nære allierte. Kapasiteten for overvaking av havområda i våre omgjevnader vil medverke til å

sikre at tilhøva i nord, Noreg sitt fremste strategiske satsingsområde, blir føreseielege og stabile.

Føremålet med Prosjekt 2047 «Vidareføring av MPA- og ISR-kapasitet» er å føre vidare kapasitetane til overvaking over og under havoverflata og til antiubåtoperasjonar. Det er gjennomført ein moglegheitsstudie for å identifisere moglege og relevante alternativ som kan vidareføre kapasitetane. Prosjektet omfattar anskaffing av fem maritime patruljefly av typen P-8A Poseidon, inkludert mellom anna ekstra overvaksings- og støttesystem. Dei nye maritime patruljefly har moderne sensorar, antiubåtvåpen og støttesystem, samstundes som dei bidreg til at andre kapasitetar i Forsvaret blir styrka og får auka tilgjengelegheit og uthald.

Anskaffinga blir gjennomført som ei direkte anskaffing frå amerikanske myndigheiter gjennom ordninga for «Foreign Military Sales». Det vil andsynes leverandøren av flya bli stilt krav om ei avtale om industrisamarbeid. Levering av flya er planlagt i perioden 2021–2022.

Den tilrådde kostnadsramma for prosjektet på kap. 1760 er 9 825 mill. 2016-kroner (inkl. mva., gjennomføringskostnader og ei avsetning for uvisse). I tillegg vil ein del av kostnadene bli belasta kap. 1735.

1.1.4 Saker til informasjon

AEROSPACE INDUSTRIAL MAINTENANCE NORWAY

Aerospace Industrial Maintenance Norway (AIM Norway) blei 26. august 2016 stifta som aksjeselskap av Forsvarsdepartementet. Omdanninga skjedde i samsvar med lov om omdanning av AIM Norway til aksjeselskap av 17. juni 2016. Aksjeselskapets formål vil vere uforandra frå før omdanninga, dvs. å drive vedlikehald og oppgradering av materiell, primært innan luftmilitær verksemd og annen naturleg tilhørande verksemd. Stortinget ga ved sine behandling av Innst. 366 (2015–2016) til Prop. 79 LS (2015–2016) fullmakt til å opne for ein breiare eigarstruktur i AIM Norway for å forsterke AIM sin posisjon i den internasjonale forsvarsindustrien.

FORSVARSMATERIELL

Forsvarsmateriell blei pålagt eit effektiviseringskrav på materielldrift i 2016 på 70 mill. kroner. I starten av 2016 blei disse midlane helde tilbake og planlagt tilbakeført til Forsvarsmateriell i gjennomføringsåret. Forsvarsmateriell har i løpet av året identifisert og dokumentert effektivisering på materielldrift i høve til krava. I revidert nasjonalbudsjett blei 49 mill. kroner tilbakeført. Dei resterande midlane søkast tilbakeført i denne omgrupperingsproposisjonen.

REINHOLD

Forsvarsdepartementet vedtok hausten 2014 å oppheve Forsvarsbygg sitt monopol på å levere reinholdstenester til Forsvaret, og Forsvaret har frå 1. mai 2016 skaffa reinholdstenester for heile forsvarssektoren basert på konkurranse i den opne marknaden. Reforma vil føre til ei årleg innsparing på minimum 80 mill. kroner, som vil bli omdisponert til høgare prioritert verksemd.

For 2016 vil innsparinga utgjere i overkant av 50 mill. kroner etter drift i åtte månader, basert på foreløpige rekneskapstal. 11 mill. kroner er brukt til delvis dekning av Luftforsvarets reelle aukiing på 61 mill. kroner jf. Prop. 1 S (2016–2017) og går til å sikre gjennomføring av operativ aktivitet. 14 mill. kroner blei i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2016 tilført Forsvarsmateriell for å sikre ein god eta-

blering av eininga. I denne proposisjonen er det foreslått at 24 mill. kroner omdisponerast til Luftforsvaret til dekning av meirbehov i samband med sprekkdanningar på F-16 kampfly.

1.1.5 Grunnlaget for omgrupperinga**1.1.5.1 ØKONOMISK GRUNNLAG**

Grunnlaget for omgrupperinga er vedtatt budsjett for 2016, midlar overførte frå 2015 og seinare endringar gjort av Stortinget. Det er også tatt omsyn til forsvarssektoren sin del av lønskompensasjonen for 2015.

1.1.5.2 LØYVINGSBEHOV

Tala i tabellane nedanfor syner løyvingsbehov knytte til omgrupperinga for 2016.

Løyvingsbehov på utgiftssida i samband med omgrupperingsproposisjonen er slik (i 1 000 kroner):

Auke på utgiftssida på grunn av meirinntekter førte til utgiftssida	328 389
Tilleggsloyvingar	24 500
= Sum behov ved omgrupperinga	352 889
+ Løyvingar før omgrupperinga	49 725 246
= Samla løyvingar etter omgrupperinga	50 078 135
+ Midlar overførte frå 2015	759 265
= Samla disponible midlar i 2016 etter omgrupperinga	50 837 400

Løyvingsbehovet på inntektssida i samband med omgrupperingsproposisjonen er slik (i 1000 kroner):

Meirinntekter	328 389
+ Budsjettmessige verknader av lønsoppgjeret i det statlege tariffområdet i 2016	23 274
= Sum behov ved omgrupperinga	351 663
+ Løyvingar før omgrupperinga	6 250 199
= Løyvingar etter omgrupperinga	6 601 862

På bakgrunn av dette foreslår regjeringa under forslag til vedtak at utgiftsramma blir auka med 352,889 mill. kroner, og at inntektsramma blir auka med 351,633 mill. kroner.

1.2 Bestillingsfullmakter

Det er foreslått auke i bestillingsfullmakter i 2016:

Bestillingsfullmakt under kap. 1740, post 1 Driftsutgifter, er foreslått auka med 615 mill. kroner, frå 595 mill. kroner til 1 210 mill. kroner. Auka kjem som følge av meir vedlikehald samt anskaffing av komponentar og reservedelar. I tillegg kjem ei prisauke på varer og tenester som blir kjøpte inn av FLO.

1.3 Investeringsfullmakter

Forsvarsdepartementet foreslår følgjande investeringsfullmakt:

Stortinget samtykker i at Forsvarsdepartementet i 2016 kan starta opp eit nytt investeringsprosjekt som er presentert som nytt prosjekt til godkjenning i Prop 27 S (2016–2017), innafor den kostnadsramma som der er omtalt.

2. Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Svein Roald Hansen, lederen Anniken Huitfeldt, Marit Nybakk, Kåre Simensen og Jonas Gahr

Støre, fra Høyre, Elin Rodum Agdestein, Regina Alexandrova, Sylvi Graham, Øyvind Halleraker og Trond Helleland, fra Fremskrittspartiet, Tone Heimdal Brataas, Harald T. Nesvik og Christian Tybring-Gjedde, fra Kristelig Folkeparti, Knut Arild Hareide, fra Senterpartiet, Liv Signe Navarsete, fra Venstre, Trine Skei Grande, og fra Sosialistisk Venstreparti, Bård Vegar Solhjell, viser til den fremlagte proposisjonen der det søkes å skape samsvar mellom bevilgninger på kapittel og post, og endrede budsjettforutsetninger siden forsvarsbudsjettet for 2016 ble vedtatt.

Komiteen understreker at omgrupperingsproposisjonen er et nødvendig verktøy for å sikre fortsatt god økonomistyring i forsvarssektoren, og at dette sammen med effektiviseringskrav som tilbakeføres til prioritert virksomhet i forsvarssektoren, har inngått som en nødvendig økonomisk planforutsetning for å kunne finansiere regjeringens og Stortingets ambisjoner for forsvarssektoren. Totalt utgjør omgrupperingen for 2016 en økning i bevilgningene til Forsvarsdepartementet på 328,389 mill. kroner.

Komiteen merker seg at nedleggelsen av den sivile flyplassdriften på Rygge innebærer merutgifter for Forsvaret. Og at dette medfører at bevilgningen til Luftforsvaret for 2016 økes med 10 mill. kroner for at Forsvaret skal kunne ta vare på sine forpliktelser på Rygge etter 1. november 2016.

Komiteen merker seg at renholdstjenester for hele forsvarssektoren fra 1. mai 2016 er anskaffet gjennom konkurranse i det åpne markedet. Dette har medført betydelige innsparinger, som omdisponeres til høyere prioriterte virksomheter.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Senterpartiet, Venstre og Sosialistisk Venstreparti, viser til at Stortinget i Prop. 151 S (2015–2016) Kampkraft og bærekraft – Langtidsplan for forsvarssektoren ble informert om et fremtidig investeringsprosjekt om anskaffelse av nye maritime patruljefly i sammenheng med utfasing av de seks aldrende P-3 Orion og tre DA-20 Jet Falcon. Flertallet viser til Innst. 62 S (2016–2017), jf. Prop. 151 S (2015–2016) Kampkraft og bærekraft – Langtidsplan for forsvarssektoren, hvor komiteen anførte:

«Komiteen viser til at regjeringen i sin proposisjon prioriterer anskaffelsen av de strategiske kapasitetene kampfly, ubåter og maritime overvåkningsfly. Komiteen slutter seg til at disse framtidsrettede og teknologisk avanserte kapasitetene i sjø- og luftdomenet er av avgjørende betydning for Norges forsvarsevne, både nasjonalt og innen rammen av NATOs kollektive forsvar.»

Flertallet merker seg at formålet med Prosjekt 2047 «Videreføring av MPA- og ISR-kapasitet» er å føre videre kapasitetene til overvåking over og under havoverflaten og til antiubåtoperasjoner. Prosjektet omfatter anskaffelse av fem maritime patruljefly av typen P-8A Poseidon, inkludert blant annet ekstra overvåkings- og støttesystem. Flertallet noterer at anskaffelsen blir gjennomført som en direkte anskaffelse fra amerikanske myndigheter gjennom ordningen for «Foreign Military Sales». Flertallet merker seg at det mot leverandøren av flyene bli stilt krav om en avtale om industrisamarbeid, og at levering av flyene er planlagt i perioden 2021–2022. Flertallet forutsetter at leverandøren av overvåkingsflyene blir stilt krav om en avtale om industriavtaler tilsvarende anskaffelsesbeløpet. Flertallet noterer at den anbefalte kostnadsrammen for prosjektet på kap. 1760 er 9 825 mill. 2016-kroner (inkl. mva., gjennomføringskostnader og en avsetning for usikkerhet). I tillegg vil en del av kostnadene bli belastet kap. 1735.

Et annet flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Høyre, Fremskrittspartiet og Senterpartiet, viser til kravet norske myndigheter stiller om industrisamarbeid, både i den planlagte anskaffelsen av nye maritime overvåkingsfly og i øvrige pågående og planlagte anskaffelsesprosjekter i forsvarssektoren. Dette flertallet vil framheve behovet for at en også fra politisk hold fortsatt prioriterer å promotere norsk forsvarsindustri deltakelse i større anskaffelsesprosjekter. I F35-prosjektets siste utlysningrunde om komponentvedlikehold fikk for eksempel norsk industri svært gode tilbagemeldinger, inkludert betegnelsen «most qualified», men likevel fikk ingen norske industriaktører tilbud om kontrakter. I Europa gikk alle kontraktene til britiske og nederlandske aktører. Dette flertallet vil også be regjeringen vurdere å gjenoppta tilskuddsordningen for norske industriaktørers deltakelse i F35-programmet, etablert i 2012 og foreløpig avsluttet ved utgangen av 2015.

Dette flertallet vil oppfordre regjeringen til i den planlagte anskaffelsesprosessen for nye kystvaktskip å prioritere å avsette midler til design- og utviklingssamarbeid mellom forsvarssektoren og norsk maritim verftsindustri. Et slikt samarbeid vil kunne resultere i utvikling av mer kostnadseffektive og miljøvennlige skip.

Dette flertallet viser videre til den planlagte anskaffelsen av nye ubåter til erstatning for Ula-klas- sen og komiteens merknader i Innst. 353 S (2015–2016) om at norsk industri skal sikres best mulig grunnlag for å kunne utvikle og levere kampsystemet til ubåtene Norge måtte velge, inkludert framtidige leveranser av samme eller tilsvarende type ubåt fra

samme leverandør. Dette flertallet vil minne om at det før det eventuelt inngås kontrakt om leveranse av ubåter, også skal inngås en overordnet strategisk og langsiktig industrisamarbeidsavtale hvor leverandøren/leverandørnasjonen forplikter seg til ulike former for industrisamarbeid. Dette flertallet legger til grunn at det strategiske samarbeidet vil være bredere anlagt enn kun verftet hvor ubåtene skal bygges.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti viser til proposisjonens omtale av privatiseringen av renholdstjenester i Forsvaret. Disse medlemmer er åpne for at det på enkelte områder kan være fornuftig at forsvarssektoren innleder et nærmere samarbeid med private aktører. Disse medlemmer vil likevel advare mot at en politisk målsetting om konkurranseutsetting og privatisering blir styrt av ideologi og ikke av Forsvarets behov for kompetanse, sikkerhet og fleksibilitet.

Disse medlemmer mener det er en uakseptabel praksis om den såkalte innsparingen ved privatisering blant annet består av kutt i de ansattes pensjoner. Forsvarssektoren er dessuten generelt dårligere egnet til konkurranseutsetting gitt de særskilte kravene til sikkerhet og beredskap, inkludert krav om individuell sikkerhetsklarering av personellet. I den konkrete saken om konkurranseutsetting av renholdstjenester mener disse medlemmer at det burde blitt gjennomført ytterligere tiltak for å effektivisere driften av Forsvarsbyggs egen renholdstjeneste før beslutningen ble fattet om å konkurranseutsette disse renholdstjenestene.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet viser til sine merknader om anskaffelsen av strategiske kapasiteter i behandlingen av langtidsplanproposisjonen, Innst. 62 S (2016–2017), jf. Prop. 151 S (2015–2016), og vil igjen understreke at det er i Norges nasjonale interesse at vi selv innehar kapasitet til å drive maritim overvåkning i våre nærområder.

Disse medlemmer viser videre til at statsråden i brev til komiteen 9. desember 2016 opplyser om at det etter avklaring med Finansdepartementet ikke er gjennomført ekstern kvalitetssikring av anskaffelsen av nye maritime overvåkingsfly, slik praksisen i utgangspunktet er for alle statlige investeringsprosjekter med antatt kostnad over 750 mill. kroner. Begrunnelsen oppgis å være at prosjektet er vurdert til å innebære lav risiko med hensyn til det totale økonomiske omfanget, og at prosjektet i tillegg inkluderer enkelte høyt graderte elementer.

Disse medlemmer viser til anskaffelsesprosjektets omfattende kostnadsramme (9 825 mill.

2016-kroner) og til omfanget av informasjon Stortinget har blitt forelagt i denne saken. På denne bakgrunn vil disse medlemmer understreke regjeringens særlige ansvar for i dette anskaffelsesprosjektet å gjennomføre intern kvalitetssikring av prosjektet, å sikre god økonomi- og prosjektstyring og å holde Stortinget kontinuerlig oppdatert om den videre utviklingen i materiellprosjektet, med særlig vekt på kostnadsutviklingen.

Komiteens medlemmer fra Senterpartiet, Venstre og Sosialistisk Venstreparti viser til at regjeringen ber Stortinget om igangsettelse av et investeringsprosjekt 2047 «Videreføring av MPA og ISR-kapasitet», som omfatter anskaffelse av fem maritime patruljefly av typen P-8A Poseidon. Kostnadsrammen på prosjektet er anslått til 9 825 mill. 2016-kroner i tillegg til ekstra kostnader som belastes kap. 1735, etterretningstjenesten. Disse medlemmer viser til at ifølge Finansdepartementets retningslinjer skal alle statlige investeringsprosjekter med antatt kostnad over 750 mill. kroner gjennomgå ekstern kvalitetssikring (KS1 og KS2). En slik kvalitetssikring er ikke gjennomført for dette prosjektet. Disse medlemmer viser videre til at det gis svært begrenset informasjon om investeringene i denne proposisjonen og at det vises til en mulighetsstudie som Stortinget har fått svært begrenset tid til å lese, og i enda mindre grad fått tid til å vurdere. Disse medlemmer mener derfor at Stortinget ikke har tilstrekkelig grunnlag til å gi sin tilslutning til igangsettelse av dette investeringsprosjektet. Disse medlemmer mener også at en investering på denne størrelsen ikke burde fremmes i en salderingsproposisjon, men i en egen proposisjon om investeringer i forsvar. På denne bakgrunn fremmer disse medlemmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med en investeringsproposisjon for prosjektet «videreføring av MPA og ISR-kapasitet» i løpet av 2017, med vurdering av ulike alternativer i tillegg til P-8A Poseidon.»

«Stortinget ber regjeringen gjennomføre ekstern kvalitetssikring (KS1 og KS2) av innkjøp av P-8A Poseidon før investeringsprosjektet fremmes for Stortinget, i tråd med Finansdepartementets retningslinjer.»

Komiteens medlem fra Kristelig Folkeparti anser det som positivt at Forsvarsdepartementet nå gir Stortinget noe mer informasjon om materiellprosjekt 2047: «Videreføring av MPA- og ISR-kapasitet». Når departementet i Prop. 27 S

(2016–2017) velger å gi en svært kortfattet informasjon, på under en side, burde dette vært klassifisert som «Sak til informasjon» og ikke som «Materiellprosjekt til godkjenning». Dette medlem viser til at et langt mindre prosjekt, som trinn 3 av utviklingsprogrammet for Joint Strike Missile, lagt fram for Stortinget som egen sak over sju sider i mai 2014. Det er også uvanlig å fremme en slik sak til godkjenning i en proposisjon om «Endringer i statsbudsjettet for 2016», siden saken ikke gjelder forsvarsbudsjettet for 2016. Proposisjonen gir etter dette medlems syn for lite informasjon til at saken nå kan behandles som «materiellprosjekt til godkjenning».

Dette medlem mener norske interesser og bevaring av et lavt spenningsnivå i nord tilsier at Norge fortsatt skal ha egen kapasitet til å drive maritim overvåking i våre nærområder. Dette medlem viser til at det ikke er gjennomført ekstern kvalitetssikring av den foreslåtte anskaffelsen av nye overvåkingsfly, noe som er vanlig for investeringsprosjekter av en slik størrelsesorden. Den korte omtalen av investeringsprosjektet i Prop. 27 S (2016–2017) inneholder heller ikke noen grundig gjennomgang som erstatter en slik ekstern kvalitetssikring. Dette gjør Stortingets beslutningsgrunnlag mangelfullt og forsterker behovet for at regjeringen kommer tilbake til Stortinget med fullgod informasjon om investeringsprosjektet.

Dette medlem viser for øvrig til at behandlingen av den nye langtidsplanen for Forsvaret i Stortinget tidligere i høst viste at det er et stort flertall for å kjøpe nye overvåkingsfly, men den knappe informasjonen i den foreliggende proposisjonen er for man-

gelfull til at den gir grunnlag for at Stortinget skal vedta å godkjenne materiellprosjekt 2047 nå.

3. Forslag fra mindretall

Forslag fra Senterpartiet, Venstre og Sosialistisk Venstreparti:

Forslag 1

Stortinget ber regjeringen komme tilbake med en investeringsproposisjon for prosjektet «videreføring av MPA og ISR-kapasitet» i løpet av 2017, med vurdering av ulike alternativer i tillegg til P-8A Poseidon.

Forslag 2

Stortinget ber regjeringen gjennomføre ekstern kvalitetssikring (KS1 og KS2) av innkjøp av P-8A Poseidon før investeringsprosjektet fremmes for Stortinget, i tråd med Finansdepartementets retningslinjer.

4. Komiteens tilråding

Komiteens tilråding til romertall I og II blir fremmet av en samlet komité.

Komiteens tilråding til romertall III fremmes av komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Høyre og Fremskrittspartiet.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og råder Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

I

I statsbudsjettet for 2016 blir det gjort følgende endringer:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
Utgifter			
1700		Forsvarsdepartementet	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 409 325 000 til kr 417 315 000	7 990 000
	73	Forsking og utvikling, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 33 108 000 til kr 32 039 000	1 069 000
1710		Forsvarsbygg og nye bygg og anlegg	
	45	Større utstysanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1760, post 45</i> , blir auka med frå kr 300 592 000 til kr 317 192 000	16 600 000

Kap.	Post	Føremål	Kroner
	47	Nybygg og nyanlegg, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1761, post 47</i> , blir redusert med	3 354 000
		frå kr 1 568 663 000 til kr 1 565 309 000	
1716		Forsvarets forskingsinstitutt	
	51	Tilskot til Forsvarets forskingsinstitutt, blir auka med	64 000
		frå kr 187 567 000 til kr 187 631 000	
1719		Fellesutgifter og tilskot til føretak under Forsvarsdepartementet	
	1	Driftsutgifter, blir redusert med	16 398 000
		frå kr 341 256 000 til kr 324 858 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, overslagsløyving</i> , blir auka med	12 000 000
		frå kr 118 541 000 til kr 130 541 000	
	43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	10 430 000
		frå kr 13 429 000 til kr 2 999 000	
	71	Overføringar til andre, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	3 996 000
		frå kr 58 779 000 til kr 54 783 000	
	78	Noreg sitt tilskot til NATOs og internasjonale driftsbudsjett, <i>kan overførast</i> , blir auka med	17 214 000
		frå kr 282 540 000 til kr 299 754 000	
1720		Felles leiings- og kommandoapparat	
	1	Driftsutgifter, blir auka med	66 893 000
		frå kr 3 766 041 000 til kr 3 832 934 000	
1723		Nasjonalt tryggingsorgan	
	1	Driftsutgifter, blir auka med	16 401 000
		frå kr 227 767 000 til kr 244 168 000	
1725		Fellesinstitusjonar og -utgifter under Forsvarsstaben	
	1	Driftsutgifter, blir redusert med	22 181 000
		frå kr 2 070 503 000 til kr 2 048 322 000	
	70	Renter låneordning, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	9 408 000
		frå kr 9 408 000 til kr 0	
	71	Overføringar til andre, <i>kan overførast</i> , blir auka med	100 000
		frå kr 19 156 000 til kr 19 256 000	
1731		Hæren	
	1	Driftsutgifter, blir auka med	43 861 000
		frå kr 5 389 059 000 til kr 5 432 920 000	
1732		Sjøforsvaret	
	1	Driftsutgifter, blir redusert med	5 651 000
		frå kr 3 858 308 000 til kr 3 852 657 000	
1733		Luftforsvaret	
	1	Driftsutgifter, blir auka med	114 295 000
		frå kr 4 818 399 000 til kr 4 932 694 000	
1734		Heimevernet	
	1	Driftsutgifter, blir auka med	4 149 000
		frå kr 1 239 317 000 til kr 1 243 466 000	

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1735		Etterretningstenesta	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir redusert med frå kr 1 563 455 000 til kr 1 558 348 000	5 107 000
1740		Forsvarets logistikkorganisasjon	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 1 553 235 000 til kr 1 666 524 000	113 289 000
1760		Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg	
	1	Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 1760, post 45, blir auka med frå kr 1 568 094 000 til kr 1 589 372 000	21 278 000
	45	Større utstysanskaffingar og vedlikehald, kan overførast, kan nyttast under kap. 1761, post 45, blir redusert med frå kr 4 943 105 000 til kr 4 926 931 000	16 174 000
1761		Nye kampfly med baseløysing	
	1	Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 1761, post 45, blir redusert med frå kr 163 753 000 til kr 163 023 000	730 000
	45	Større utstysanskaffingar og vedlikehald, kan overførast, blir auka med frå kr 6 948 915 000 til kr 7 044 915 000	96 000 000
1790		Kystvakta	
	1	Driftsutgifter, blir redusert med frå kr 1 087 792 000 til kr 948 020 000	139 772 000
1791		Redningshelikoptertenesta	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 933 059 000 til kr 946 088 000	13 029 000
1792		Norske styrker i utlandet	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 783 316 000 til kr 816 670 000	33 354 000
1795		Kulturelle og allmennyttige føremål	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 265 035 000 til kr 275 677 000	10 642 000
Inntekter			
4710		Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg	
	1	Driftsinntekter, blir redusert med frå kr 4 287 229 000 til kr 4 272 718 000	14 511 000
	47	Sal av eigedom, blir auka med frå kr 300 000 000 til kr 396 000 000	96 000 000
4720		Felles leiings- og kommandoapparat	
	1	Driftsinntekter, blir auka med frå kr 113 227 000 til kr 121 924 000	8 697 000
4723		Nasjonalt tryggingsorgan	
	1	Driftsinntekter, blir auka med frå kr 9 182 000 til kr 24 982 000	15 800 000

Kap.	Post	Føremål	Kroner
4725		Fellesinstitusjonar og -inntekter under forsvarsstaben	
	1	Driftsinntekter, blir auka med frå kr 60 682 000 til kr 62 582 000	1 900 000
4731		Hæren	
	1	Driftsinntekter, blir auka med frå kr 65 911 000 til kr 95 911 000	30 000 000
4732		Sjøforsvaret	
	1	Driftsinntekter, blir auka med frå kr 54 305 000 til kr 75 305 000	21 000 000
4733		Luftforsvaret	
	1	Driftsinntekter, blir redusert med frå kr 183 233 000 til kr 163 233 000	20 000 000
4740		Forsvarets logistikkorganisasjon	
	1	Driftsinntekter, blir auka med frå kr 136 375 000 til kr 181 084 000	44 709 000
4760		Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg	
	1	Driftsinntekter, blir auka med frå kr 27 600 000 til kr 52 500 000	24 900 000
4761		Nye kampfly med baseløysing	
(NY) 4791	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, blir løyvd med	96 000 000
	1	Redningshelikoptertenesta frå kr 869 944 000 til kr 886 796 000	16 852 000
4792		Norske styrker i utlandet	
	1	Driftsinntekter, blir auka med frå kr 14 296 000 til kr 39 296 000	25 000 000
4795		Kulturelle og allmennyttige føremål	
	1	Driftsinntekter, blir auka med frå kr 9 684 000 til kr 15 000 000	5 316 000

II

Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykker i at Forsvarsdepartementet i 2016 kan gjere tingingar ut over dei gjevne løyvingane. Den samla ramma for nye tingingar og gammalt ansvar skal ikkje overstige følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1740		Forsvarets logistikkorganisasjon	
	1	Driftsutgifter	1 210 000 000

III

Investeringsfullmakter

Stortinget samtykker i at Forsvarsdepartementet i 2016 kan:

1. sette i gong eit nytt investeringsprosjekt som er presentert som nytt prosjekt til godkjenning i Prop. 27 S (2016–2017), innafor den kostnadsramma som der er omtalt.

Oslo, i utenriks- og forsvarskomiteen, den 14. desember 2016

Anniken Huitfeldt

leder

Christian Tybring-Gjedde

ordfører

